



Statens vegvesen

MULTICONSULT NORGE AS
Nesttunbrekka 99
5221 NESTTUN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
19/299921-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
18.11.2019

Svar på varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for Toska fritidssenter, gnr. 43, bnr. 9 m. fl.

Vi viser til Dykkar oversending av 17.10.2019 med varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for Toska fritidssenter, gnr. 43, bnr. 9 m. fl. i Radøy kommune.

Det har vært varselet oppstart av dette arbeidet tidlegare i brev av 11.05.2019 med høyringsfrist 23.06.2019. Offentlege høyringsinstansar vart ikkje varsla på det tidspunktet og det sendes derfor ut nytt varsel med ny høyringsfrist 29.11.2019.

Plangrunnlag.

Reguleringsplan Toska camping plan-ID 12601998000200 gjeld for området, og vert no erstatta av den nye planen. Planområdet vil omfatte gjeldande reguleringsplan, samt veg fram til offentlig veg og veg fram til parkeringsplass for friluftsområdet. Heile planområdet er på ca. 51 daa. Kommunen har konkludert med at arbeidet ikkje utløyer krav om konsekvensutgreiing.

Bakgrunn for reguleringsplanarbeidet.

Gjeldande plan er utdatert, og ikkje i samsvar med grunneigar sine planer for området. Arealet ein ynskjer å utarbeide reguleringsplan for er i gjeldande kommuneplan for perioden 2011-2022, for ein stor del vist som fritids- og turistføremål. Revisjon av gjeldande plan er og å lege til rette for utleiehytter i staden for campingplass. Planområdet er og utvida noko for å få tilknytning til offentlig veg og turparkering og dels for å få ei betre arealutnytting.

Uttale.

Statens vegvesen har vurdert varselet om oppstart av reguleringsplanarbeidet og finn at det ikkje er vesentlege merknader til oppstartsvarselet. Vi ser det som positivt at planområdet vert utvida slik at det er mogeleg å få utforma ei avkøyring til den private vegen PV 6020 som tilfredsstillar normalkrava i handbok N100. Vidare bør det vurderast å setje krav om

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

opprusting av den kommunale vegen KV6020 evt. med tilbod til mjuke trafikantar fram til avkøyring (snuplass) ved fylkesveg 5486 Toskavegen.
Krysset med fylkesveg 5486 må også utformast i samsvar med handbok N100 for å sikre god trafikktryggleik.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Seksjonsleiar

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
HORDALAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN
RADØY KOMMUNE, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER